

Må du endre Feide-passordet ditt?

Er det andre enn du sjølv som kjenner brukarnamnet og passordet ditt? Då må du endre det straks. På prøver og eksamen er det berre du som skal kunne logge deg på med ditt brukarnamn og ditt passord.

Det kan vere at du av ein eller annan grunn har oppgitt passordet ditt til ein annan utan at det er det er tenkt brukt ulovleg. Men skulen er også gjort kjend med at det føregår utveksling av passord til ulovleg bruk under prøver.

Dersom du veit eller har mistanke om at andre kjenner passordet ditt, endrar du passordet med ein gong. Dette gjer du på «Datasenteret» på heimesida til skulen.

Ta eventuelt kontakt med Datasenteret dersom du treng hjelp. IKT-reglementet til Sogn og Fjordane fylkeskommune seier blant anna dette om bruk av IKT under prøver og eksamen:

«Fusk eller forsøk på juks med IKT under prøver eller eksamen fører til bortvisning og nedsett ordens- og åtferdskarakter.»

Fusk under eksamen fører til at ein ikkje får høve til å gå opp til eksamen i faget før om eit år.